

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Hovudutval for næring
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/Video
<b>Dato:</b>	05.11.2020
<b>Tid:</b>	10:00 - 15:01

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Noralf Distad	Medlem	H
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Morten Klementsen	Medlem	U
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	Sp
Karl Vågstøl	Medlem	H
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Tom Hiis Bergh	Medlem	V

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Tor André Ljosland	Leiar	KrF
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H ( til 13:20)
Anne Gine Hestetun	Medlem	A ( til 10:40 og frå 12:00)

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Jarle Jacobsen	Tor Andre Ljosland	KrF
Erlend Haugen Herstad	Aleksander Øren Heen	Sp

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Bård Sandal	fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	seksjonsleiar for forsking, kompetanse og internasjonalisering
Endre Høgalmen	seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Jan Heggheim	fagdirektør ekstern strategisk kontakt
Mette Nora Sætre	seksjonsleiar verdiskaping i byregionar
Katarzyna Holmegård	rådgjevar/møtesekretær politisk sekretariat

### Saksliste

<b>Utvale-saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 19/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 20/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring den 15.oktober 2020	2020/41027	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 44/20	Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringer til Vestland fylkeskommune.pdf	2020/75170	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 60/20	Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 2020). Runde 2	2020/71864	
PS 61/20	Selja kloster - etablering av formelt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Stad kommune	2020/72389	
PS 62/20	Busetjing av flyktingar i 2020 og 2021	2020/52326	
PS 63/20	Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område	2020/72387	
PS 64/20	Marin satsing - Lønnsam og berekraftig sjømat	2020/71729	
PS 65/20	Dialog om tildeling av midlar		

## Godkjenningssaker

### GK 19/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

**Sigrid Brattabø Handagard (Sp)** orienterte om eit skriftleg spørsmål om reiseliv frå Jana Midelfart Hoff (H). Spørsmålet vart ikkje satt på sakslista men administrasjonen har utarbeida eit skriftleg svar. Spørsmålet og svaret formidlast til medlemmar i møte.

**Thorbjørn Vareide (A)** sette fram eit slik forslag :

“Framlegg til protokolltilførsel til næringsutvalsmøte 05.11.20:

Næringsutvalet ber administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over 8 millionar kroner. Dette vil kunne gi eit politisk handlerom til å spele inn nokre overordna føringar og prinsipp før dei administrative prioriteringane vert fremja som sak. Sjølvé saksbehandlinga skal som alltid gjerast fram på eit fagleg grunnlag.“

Hovudutval for næring sluttar seg til forslaget og setter saka på sakslista som ei politisk sak PS 65/20 Dialog og tildeling av midlar.

Innkalling og sakslista vart godkjent med nemnde merknadar.

### GK 20/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring den 15.oktober 2020

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

**Karl Vågstøl (H)** gjorde merksam på at medlemmar som vart registrert med forfall var også registrert med frammøte i møteprotokollen frå 15.10.2020.

Protokollen vart godkjent merknaden som er nemnd over.

## **Referatsaker**

**RS 44/20 Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringer til Vestland fylkeskommune.pdf**  
**Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020**

RS 44/20 vart referert.

## **Politiske saker**

**PS 60/20 Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 2020). Runde 2**

Forslag til vedtak

1. Hovedutval for Næring vedtek medfinansiering av 22 utviklingsprosjekt med løyving kr 13.601.000 som vist i vedlegg 1.

**Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020**

**Torbjørn Vareide (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet da har er i slekt med dagleg leiar for næringshagen i Hardanger. Vareide trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Vareide var inhabil jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, V og KrF fram slikt forslag:

"Tillegg:

Søknaden frå Sunnhordaland region til Geo Park i Sunnhordaland vart imøtekommen med kr 100 000. Administrasjonen vert bedt om å finne ei dekning for løyvinga innenfor rammene."

## **Avrøysting**

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samsrøytes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1.Hovedutval for Næring vedtek medfinansiering av 22 utviklingsprosjekt med løyving kr 13.601.000 som vist i vedlegg 1. med følgjande endring:

Søknaden frå Sunnhordaland region til Geo Park i Sunnhordaland vart imøtekommen med kr 100 000. Administrasjonen vert bedt om å finne ei dekning for løyvinga innanfor rammene.

## **PS 61/20 Selja kloster - etablering av formelt samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Stad kommune**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner sluttrapporten for prosjektet Selja kloster slik den ligg føre.
2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gå i dialog med Stad kommune, med sikte på å arbeide fram eit forslag til ei berekraftig organisasjonsform for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål.
3. Ny sak om organisasjonsform og eventuell økonomisk medverknad vil bli lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering, og hovudutval for næring, samt fylkesutvalet når forslag til ei berekraftig organisasjonsform er arbeida fram i samarbeid med Stad kommune.

### **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samsøytes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner sluttrapporten for prosjektet Selja kloster slik den ligg føre.
2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gå i dialog med Stad kommune, med sikte på å arbeide fram eit forslag til ei berekraftig organisasjonsform for Selja kloster og helgenanlegg som heilagmål og besøksmål.
3. Ny sak om organisasjonsform og eventuell økonomisk medverknad vil bli lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og inkludering, og hovudutval for næring, samt fylkesutvalet når forslag til ei berekraftig organisasjonsform er arbeida fram i samarbeid med Stad kommune.

## **PS 62/20 Busetjing av flyktningar i 2020 og 2021**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.

3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020**

**Pauline Tomren, MDG**, sette på vegner av MDG, A, SV og KrF fra slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4: Koronapandemien må ikkje sette stopper for busetting av flyktingar:

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktingar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av flyktingar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktingar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodinga for 2020.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4. Fylkeskommunen må kvalitet sikre at bosetting skjer som en del av en større plan for kompetansekartlegging slik at en sikrer gode fagmiljø, kvalifiseringstilbud og mentorordninger for denne gruppen og den enkeltes behov, i hele fylket.»

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt forslag fekk 8 røyster ( MDG, A, SV, R og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst ( R ) og fall.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.

2. Fylkesutvalet ønskjer å følge arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.

3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktingar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av

flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020.»

#### Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 04.11.2020

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette fram på vegne av MDG, Sp, FNB, SV, Ap, R, V slikt forslag:

“Nytt pkt. 5:

Fylkesutvalet meiner at ein ikkje skal la koronapandemien hindre busetting av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at tal på busette flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett færre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020. ”

**Terje Kollbotn (R)** sette fram på vegne av R og V slikt forslag:

“Nytt pkt.4:

Fylkesutvalet er positiv til å ta imot asylsökjarar / flyktningar frå den tidlegare Moria-leiren i Hellas (minst 50) ”

#### Avrøyting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Strømmen sitt forslag fekk 11 røyster mot 4 røyster (H, PP og Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Kollbotn sitt forslag fekk 11 røyster mot 4 røyster (H, PP og Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.
4. Fylkesutvalet er positiv til å ta imot asylsökjarar / flyktningar frå den tidlegare Moria-leiren i Hellas (minst 50)
5. Fylkesutvalet meiner at ein ikkje skal la koronapandemien hindre busetting av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at tal på busette flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett færre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020

#### Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

**Thorbjørn Vareide (A)** sette fram på vegne av A, MDG, Sp, SV, V og KrF slikt forslag:

“Nytt punkt 4:

Hovudutvalet for Nærings meiner at ein ikkje lar koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi tilrår også at talet på busetting av flyktningar i Noreg blir auka i dei neste åra for å kompansere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodninga for 2020. “

#### **Avrøysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Vareide sitt forslag fekk 10 røyster mot 4 røyster (H, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.
4. Hovudutvalet for Nærings meiner at ein ikkje lar koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi tilrår også at talet på busetting av flyktningar i Noreg blir auka i dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodninga for 2020.

#### **PS 63/20 Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område**

Tilråding til vedtak:

Med bakgrunn i sak og tilbakemeldingar frå hovudutvalet får fylkesrådmannen i oppdrag å arbeide vidare med å konkretisere eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.

#### **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020**

#### **Avrøysting**

Det var 14 representantar til stades

Fylkessjefen for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag fekk 12 røyster mot 2 røyster (Frp) og vart vedteke.

## Vedtak

Med bakgrunn i sak og tilbakemeldingar frå hovudutvalet får fylkesrådmannen i oppdrag å arbeide vidare med å konkretisere eit nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar og område.

### **PS 64/20 Marin satsing - Lønnsam og berekraftig sjømat**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Fylkesutvalet ber særskilt om at problemstillingar knytt til arealformål og kompetanseutvikling knytt til areralutvikling i kommunane til næringsformål i sjø vert prioritert.
3. Fylkesutvalet stør vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeid med å finne varig finansiering for satsinga.

#### **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020**

**Mark Taylor( MDG)** sette fram på vegne av MDG og U slikt forslag:

"Alternativ:

2. a. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig sjømatsnæring der målet på sikt er full utnytting av avfallsressursane, null rømming, null utslepp, null lakselus, og auka bruk av berekraftig fôr. "

**Mark Taylor( MDG)** sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

2. b. Vestland fylkeskommune vil styre oppdrettsnæringa i retning av berekraftig teknologi som flytande lukka anlegg slik at alle opne oppdrettsanlegg skal gjerast lukka innan 2025. "

**Thorbjørn Vareide (A)** sette fram på vegne av A, Sp, SV, V, MDG, KrF slikt forslag:

"Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig vekst av sjømatsnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.
3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile fylket kjem over i grøn sone innan trafikkjossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihamnene viktig infratruktur i sjømatsatsinga, og bør ha prioritet.
4. Fylkesutvalet stør det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde. "

### **Avrøysting**

Det var 14 representantar til stades.

Taylor sitt forslag 2a fekk 2 røyster (MDG, U) mot 12 røyster og fall.

Taylor sitt forslag 2b fekk 1 røyst (MDG) mot 13 røyster og fall.

Vareide sitt forslag vart samsøytes vedteke mot fylkesdirektør for inovasjon og næringsutvikling sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig vekst av sjømatsnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.
3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile fylket kjem over i grøn sone innan trafikkjossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihamnene viktig infratruktur i sjømatsatsinga, og bør ha prioritet.
4. Fylkesutvalet stør det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde.

**Thorbjørn Vareide (A)** sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Næringsutvalet ber administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over 8 millionar kroner. Dette vil kunne gi eit politisk handlerom til å spele inn nokre overordna føringar og prinsipp før dei administrative prioriteringane vert fremja som sak. Sjølvе saksbehandlinga skal som alltid gjerast fram på eit fagleg grunnlag."

### **Avrøysting**

Det var 14 representantar til stades.

Vareide sitt forslag vart samsøytes vedteke.

### **Vedtak**

Næringsutvalet ber administrasjonen legge fram for utvalet kva vurderingar og prinsipp som vert vekta under den administrative prioriteringa i utlysingsprosessar med tildelingar over 8 millionar kroner. Dette vil kunne gi eit politisk handlerom til å spele inn nokre overordna føringar og prinsipp før dei administrative prioriteringane vert fremja som sak. Sjølvе saksbehandlinga skal som alltid gjerast fram på eit fagleg grunnlag.